



Vedtak Møre Bispedømeråd sak 68/18 Høyring – val av kyrkjeråd

Votering

Samrøystes

Vedtak

Kapittel 1 Samansetning og valperiode

§1-1 Møre bispedømeråd rår til dei endringar i samansetning av kyrkjerådet som høyringsdokumentet skisserer.

§ 1-2 Møre bispedømeråd har ikkje merknader

Kapittel 2 Nominasjon

Møre bispedømeråd meiner at gjeldande ordning, der valkomiteen fungerer som nominasjonskomite ved val som skal gjennomførast i valperioden, blir vidareført.

§ 2-1 Bispedømerådet har ikkje merknader

§ 2-2 Møre bispedømeråd støttar at bispedømerådet set opp 4 leke kandidatar til nominasjonskomiteen og at minst ein av desse bør være under 30 år. Vidare rår Møre bispedømeråd til at både lek tilsett og prest frå kvart bispedøme er kandidatar til Kyrkjerådet.

§ 2-3 Bispedømerådet har ingen merknader

§ 2-4 b) Bispedømerådet meiner at prestar og alle leke tilsette som ikkje er valt inn på fast plass irådet, er vararepr. i rådet, i rekkefølge etter talet på stemmer i valomgangen.

Kapittel 3 Val

§ 3-1 Bispedømmerådet har ikkje merknader

§ 3-2 Bispedømerådet støttar at val på leiar blir gjennomført i fleire valomgangar, dersom ingen kandidat får meir enn 50% av stemmene i første valomgang.

§3-3 Møre bispedømeråd støttar alternativ 2 i høyningsuttalen og går inn for at valet blir gjennomført slik at Kyrkjemøtet gjennomfører valet i to valomgangar, der ein vel 5 leke medlemer og 2 prestar i kvar valomgang. (val av lek tilsett i første valomgang)
Bispedømerådet meiner at to valomgangar kan gi Kyrkjemøtet høve til å forbetre mindretalsrepresentasjon og til å justere kravet til kjønnsbalanse og til ungdomsrepresentasjon.



Møre biskop
Møre bispedømeråd

§ 3-4 Møre bispedømeråd rår til at Kyrkjemøtet vel personleg varamedlem for kvar lek medlem i eigen valomgang. Kandidaten er av dei føreslegne frå eige bispedøme som ikkje er valt.

Kapittel 4 Anna

Møre bispedømeråd ber om at reglane for konstituering av Kyrkjerådet tar demokratiske og geografiske omsyn slik at nestleiar ikkje lenger kan representera same bispedøme som leiar. Møre bispedømeråd har ikkje andre merknader til reglane i dette kapittelet.

Molde 17.des. 2018

Ingeborg Midttømme
Ingeborg Midttømme
biskop

A blue ink signature of Arvid Helle, which appears to read "Arvid Helle".
Arvid Helle
fung.stiftsdir.